

Møtebok 5 – 23, Lykling sokneråd 10.05.23

Lykling kyrkje

Rådsmedlem som møtte:

Fridleif Lydersen, Sissel S. Gåsland, Heidi Vold Ådnanes, Linda S. Gunnarsjaa, Elisabeth Bjørnevik, Astri L. Sakseide og Inger Johanne Sele.

1.vara:

Johannes Bernhard Hjelland

Opning: v/ Sissel S.Gåsland

Saksliste:

Sak 39-23 Godkjenning av referat og innkalling

Ingen merknader

Sak 40-23 Meldingar og skriv

- Aksel har takka ja til å ha temakveld om Sangaste 28.09.23
- Øystein Skullerud har sagt ja til musikalsk temakveld med Moster kyrkjekor og Bømlo kyrkjekor om deltaking på temakveld 19.10.23
- Møtedagar for soknerådet hausten 2023 vart fastlagt på førre møte; **30.08, 20.09 og 18.10.** Nytt sokneråd bestemmer sjølv dato for nov og vidare utover.

Sak 41-23 Nokon som har noko å melda frå sitt ansvarsområde?

- Økonomien framleis stram i Fellesrådet

Sak 42-23 17.mai 2023

- Familiekor som innslag i gudstenesta.
- Deltaking v/Våge skulemusikklag i toget og ved kransenedlegginga utanfor kyrkja. Ein prøver og å får til eit ensemble frå korpset til å spela inne i kyrkja.
- Sissel sjekkar med 17.mai-komiteen kven som ber flagga inn i kyrkja.

Sak 43-23 Eventuell rapportering av behov for Lykling kyrkje til fellesrådet

Me sender ei purring til fellesrådet om nye varmepumper.

Sak 44-23 Evaluering av alternativ konfirmantfest 27.04.23

Drøfting i soknerådet. Er dette måten å gjera det på i framtida?

- Så langt har det berre komme positive kommentarar: Det vart både triveleg og arbeidssparande. Både foreldre, konfirmantar og andre koste seg. Flotte kaker og god tid til ein god drøs. Me går for dette konseptet neste år og.
- I år var konfirmantgudstenesta på ein torsdag kveld. Familiane til konfirmantane var godt representerte og koret utgjorde stor del av gudstenestedeltakarane. Det var svært lite deltakara elles frå soknet. Me ønsker å ha denne på ein søndag ettermiddag neste år – i håp om å få fleire frå soknet til å komma på konfirmantgudstenesta.

Sak 45-23 Offerlista haust 2023

Innspel frå Estlands komiteen; Offer til Sangaste meir enn ein gong i året? Gjennom drøfting i rådet vart ein samd om at det ikkje vert ei ekstra ofring til Sangaste i haust.

Følgande offerliste for hausten – 23 vart vedteken:

23.juli kl 11.00 Lykling kyrkje	Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag (lokal avd.)	Tru:D 6 barnebibel
27. august kl 11.00 Lykling kyrkje	Brandøy	
03.sept. kl 11.00 Kanalen	Kyrkjelydsarbeidet	Teltgudsteneste
24.sept kl 11.00 Lykling kyrkje	Det norske Bibelselskap	Konfirmantpresentasjon m/bibel
08.okt. kl 19.00 Lykling kyrkje	Misjon utan grenser	
22. okt. kl 11.00 Lykling kyrkje	Kyrkjelydsarbeidet	Tru:D 4 bok
05.nov. kl 11.00 Lykling kyrkje	Stefanussalliansen	Besøk av Eli Minde
19.nov kl 11.00 Lykling kyrkje	Mercy ships	Tru:D 11 Lys vaken
03.des kl 16.00	Frelsesarmeen	Lysmesse v/konfirmantane
10.des kl 17.00	Kyrkjemusikalsk arbeid	Julekonsert
26.des kl 11.00	Sjømannskirken	

Sak 46-23 Ymse

Det skal vere mogeleg å stemma på førehand i til soknerådsvalet etter ei gudsteneste. Lykling har fått tildelt 27.august som sin dato.

Neste soknerådsmøte onsdag 24.05.23 kl 19:00. Siste før sommarferien

Ord til opning på neste møte: Inger